



Alt det som skinner  
Er ledd i en lenke  
Liv etter liv  
Ord etter ord  
For alt det vi er  
For alt vi har hatt  
Det skinner som stjerner  
En Betlehemsnatt  
  
(Anne Grete Preus)



**Nestekjærleik og fellesskap.** Diakoni er eit felles ansvar for alle heile kyrkja, for frivillige så vel som tilsette. Samstundes har somme av oss fått eit fagleg ansvar, ramma inn av



tenesteordningar, og planverk. Denne rapporten fortel om arbeidet mitt som prostidiakon i Vest- Telemark. (Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid) det siste året. Her finn ein glede og sorger, opp- og nedturar. (Ein av mine sorger er at dette er fyrste heile året utan Skogsleiren i Fyresdal.) Det meste av diakonien er det friviljuge som gjer. Men undersøkingar fortel at ein tilsette i kyrkja utløyser om lag tre nye

årsverk gjennom friviljuge. Så er det er fint at 2022 er Frivillig-året.

**Dei fann ikkje husrom nokon stad,** heiter det i Juleevangeliet hjå Lukas. Diakoniens oppgåve å legge til rette for at menneske kan finne husrom, på ulikt vis. I ei fellesskap, i eit kyrkje eller rundt eit kafèbord I historia om Den miskunnsame samaritan (Lukas 11, 25-37) vart den nedslegne teken til eit herberge. Samaritanen lova å kome tilbake for betale ophaldet på versthuset. Truleg var ikkje den nedslegen ikkje der, han var reist, gått på eigne bein, full av det som ein på diakonispråket vil kalle empowerment eller myndiggjering. Myndiggjering ei mål for alle Guds skapningar. Alle kan noko, alle er nok, alle har same verdi og alle treng Guds nåde.

**Diakoniens kompetanse**, og på særskilt vis diakonars arbeid, er retta mot å vera i *mellomromet* .(Det er laga mellom isolasjonen isolerarar og det er i pausene mellom orda at sanninga går opp for oss). I den fyrste kyrkja hadde diakonen som oppgåve å vera ein «go-between». Ein utsending frå kyrkja, frå biskopen som skulle for å hjelpe fellesskap å fungere. Det tyder det å skape samanheng ,bruer og vadepassar slik at dei mest utsette, dei marginalisera kan bli del av fellesskap og samfunn. På engelsk er uttrykket *mind the gap*, snevre inn kløftene mellom folk. Pandemien har auka desse kløftene. Difor er det viktig at kyrkja er tydeleg i si stemme for dei som er utanfor «det gode selskap.»

**Diakonien utfordrar menneske til å gjere noko for andre.** Menneske er skapt i Guds bilete til å bety noko for andre. Me er ønska på Guds mannskapsliste, ikkje minst i Frivillig året 2022. Skulle gjerne dekorerte mange frivillige med store medaljar. I mitt diakonale hovud er det to typar frivillige, faste og spontane frivillige, som begge to er like viktige i den diakonale sektoren. Mange gjer faste ting i sokneråd og diakoniutval, er visitorar og samtalepartnar, (faste) eller er slik som ein kan ringe til å hjelpe eit menneske med snømoking, ved eit heftig snøfall.( Spontane). Begge grupper treng tillit og me må som tilsette vera takksame, og løfte fram ulønt medarbeidarskap . Den årlege utdeling av Diakoniprisen er eit slikt høve. I år gjekk den til eldsjelene bak Ynges i Vrådal.



### **Vern om Skaparverket og Kampen for rettferd to viktige område i kyrkas diakoniplan.**

Det er greitt at Diakonatet i Vest- Telemark har som visjon om å gjera Vest- Telemark til ein varmare stad på bu, men det handlar ikkje om klima. I gamle dagar tende ein bål å alle fjelltoppar når ein vere fare. Slik vardebrenning treng me no. Verda er truga. Eg treng ikkje lese fleire FN- rapportar, eller biskopbrev. Så blei det inga

vardebrenning i 2021, men ei lite bål på Tangane på Dalen den 22 desember, den fyrste dagen etter sol snu, eit bål mest mot mi eiga klimauro. Kanskje kan me etterkvart samle mange nok rundt desse båla til å gjera noko som verkeleg monnar? Eit klimaseminar gjer ikkje stor skilnad, men er likevel eit godt minne frå 2021. I eit samarbeid mellom Tokke kommune og Kyrkja i Tokke var Rui- seminaret lansert. På den gamle garden der Ingerine og Gurine Schevenius



## ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2021

levde, vart det halde gudsteneste, ulike førdrag, konsert og politisk ordskifte. Rui- jentenes gamle levereglen «Guds frykt med nøysemd» dirra i botn av seminardagen.

Eit viktig diakonalt mål er å samle ulike miljø og menneske til samtale og utfordring, også på den måten vart det ein god dag.

### KLIMASORG



*Det kan kome brått og uventa. Gjerne når ting rundt meg er som aller vakrast. Som no sist laurdag, på seminaret om klima. Staden var Rui, med verdas finaste utsyn. Det er som eg blir lamma av sorg over den fantastiske naturen, som me held på å miste. Eg veit eg bør vera optimist. Prøver å ta meg i saman. Glede meg over dei gode tinga som skjer, men alt det eg ser og les, peikar på at ting ikkje vil gå bra. Me synest ikkje å vera i stand til å hindre alvorlege konsekvensar av klimaendringane. Om me vil sjå, fins dei allereie i Arktis og i Afrika, og også her om, om me berre vil innrømme det. Eg som elles trur veldig på å snakke om ting, som meiner sorggrupper hjelper, og har røynt det frigjerande i å legge bort ting, veit ikkje om det no hjelper å snakka. Snakk til side, tenker eg knyter meir hendene, enn faldar dei. Er det ikkje ei diakonal plikt å rope høgt, som ein domsprofet frå Det Gamle Testamenet, medan eg ser for meg barnebarnet mitt, ho som alltid lyser opp mitt sinn, men no. Kva er det me etterlet ho som vil leve inn i neste år tusen? (Diakonisalta i Vest- Telemark Blad 7. juni 2021)*



**Klimaendringane blir etterkvart også synleg hjå oss**, men lengre sør på kloden er har dei alt fått store konsekvensar med tørke som øydelegg matproduksjon og sender folk på flukt.



Rui er som ein liten oase, ein stad det er godt å vera fordi nokon gjennom generasjonar har hegna om staden. På Rui flyg tankane mine til det miljøengasjement eg møtte i Etiopia for nokre år sidan. Den Etiopiske - ortodokse kyrkja har tradisjon attende til 300-talet, og ei sterke ansvarskjensle for klima. Ortodoks teologi ber oss fare fint med jorda. Forvaltartanken er viktig. Det me har rundt oss er til låns. I eit samarbeid med Kirkens Nødhjelp er Etiopias kyrkjeskogar kartlagt. Rundt kvar einaste ortodokse kyrkje og kloster finns ein skog. Skogen er våre lunger, seier prestane. I eit land der trøngen for ved til matlaging og oppvarming er stort og skogsressursane stort sett høgd ut, respekterer folk kyrkjeskogane. I etiopisk- ortodoks teologi seier ein gjerne, at ei kyrkje utan skog, er som eit menneske utan klede.

**Under Kyrkjemøtet i Trondheim i haust vart det fatta eit modig vedtak. «Be den norske regjeringen lytte til anbefalingen fra IEA`s rapport NetZero by 2050 A Roadmap for the Global Energy Sector, May 2021 om å stanse ytterligere leteaktivitet etter olje og gass på norsk sokkel».**

Dette er ei vedtak som kjem til å bli drøfta opp og ned. Det er slik med profetisk og politisk diakoni, men alle klimarapportar og all kunnskap fortel at verda må endre sine Co 2-utslepp. Den siste FN rapporten fortel oss at me styrer mot ei oppvarming på 2, 7, og seier det vil kaste verda ut i «endelause lidingar. Ei sann kyrkje kan ikkje leve med å vera unnvikande og utsydeleg i sin bodskap. Når ein vert klage for å drive med politikk, er det heller slik at klimaspørsmålet dreier seg om moral, og om verdsvid rettferd. *Mine sysken, de kan ikkje tru på vår Herre Jesus Kristus, herlegdomens Herre, og samtidig gjera forskjell på folk* ( Jakobs brev 2, 1)

Korleis skal me gripe an dette i våre kyrkelydar ? Eitt av mine svar er å støtte det viktige arbeidet Kirkens Nødhjelp gjer for ei meir rettferdig verd, og elles lage breie samarbeidsformer for å gje politikaren ryggdekning for sterkare tiltak.

**Kva vil du at eg skal gjera for deg?, spør Jesus den blinde Bartimeus,** og det snakka kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum om for oss i Kviteseid kyrkje i oktober. Høvet var

den årlege Diakonisamlinga, eitt møte som er halde årvisst kring i Vest-Telemark sidan tanken om Prostidiakon oppstod i 1979. I kyrkjemøte tala si utdjupa ho spørsmålet;



*Hva trenger dere at kirken gjør akkurat her? Hva vil dere at vi skal gjøre for dere, her på stedet? Svært mange gode prosjekter er blitt til slik: gjennom samskaping med kommunen og andre aktører ivaretas viktige oppgaver i lokalsamfunnet. Kirkens ungdomsprosjekt i Kristiansand. Finansiert av kommunen, utført av kirken. Politikerne sier at Kristiansand blir en bedre og tryggere by for alle på grunn av dette. Eller 13-20-prosjektet i Bærum. Det samme sier politikerne der. Eller diakoniprosjektet i Drammen. Eilev Erikstein, prostidiakonen i Vest-Telemark, som av uendelig mange prosjekter driver pilegrimsoggrupper for etterlatte etter selvmord: Å vandre med sorg. Diakon Silje Sjøtveit startet prosjektet Omsorg for døende. De siste årene har vi sett mye diakonal kreativitet.*

## ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2021

*Diakoners kompetanse og blikk for både Gud og folk er grunnleggende når retningen for fremtidens kirke skal meisles ut. Det finnes mange flere eksempler. Kirken bidrar i samfunnet. Det er samskaping. Som kirke skal vi være en synlig verdibærer i samfunnet. Selvsagt skal vi det! (Kristin Gunleiksrud Raaum i sitt innleiingsføredrag på Kirkemøtet 2021)*



Jesus blikk for det enskilde menneske.

I 2022 er det tid for å stille Jesus spørsmål vidt og breitt. Til stat og kommune, til ordførarar og rådmenn, kommunestyrer, til lag og organisasjonar, til enkelt menneske, til oss sjølv. **Kva treng me blir gjort hjå oss ? Kven treng vår hjelp nå ? Kva treng eg at Jesus gjer for meg?** Diakonien vil vera ei kraft i gjera samfunnet betre, men må aldri gløyme

Jeg hører at i New York  
på hjørnet mellom 26. gate og Broadway  
står det om vinteren hver kveld en mann  
og skaffer de husløse som samler seg der  
penger han samler inn, så de får plass på herberget.  
Dette forandrer ikke verden.  
Dette forbedrer ikke forholdene mellom menneskene.  
Dette forkorter ikke utbyttingens tidsalder.  
Men noen menn får plass på herberget.  
Vinden blir holdt borte fra dem en hel natt.  
Snøen som skulle falt på dem, faller på gaten.  
Menneske, legg ikke vekk boken hvor du leser dette!  
Noen mennesker har nå plass på herberget.  
Vinden blir holdt borte fra dem en hel natt.  
Snøen som skulle falt på dem, faller på gaten.  
Men dette forandrer ikke verden.  
Dette forbedrer ikke forholdet mellom menneskene.  
Dette forkorter ikke utbyttingens tidsalder.

(Bert Brecht)

**Arbeidsområde. Oppretting og oppfylging av diakoniorgana i kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal,**

**Kviteseid og Fyresdal.** Det er diakoniutval i Kviteeid, Nissedal, Grunge og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Desse sokna har oppdatera Diakoniplanar Vinje/Nesland, Kviteeid, Fyresdal og Nissedal.



**Forkynning og undervisning om diakoni.** Dette skjer gjennom gudstenester (16), diakoniundervisning for konfirmantane, kursverksemnd, diakoniutvals- og soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad.

**Opplæring og utdanning av frivillige medarbeidarar.** Så godt som råd blei det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Målet var at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg og godt samlingspunkt. I år var Kviteeid vertskap.



**Samarbeid med sokneråd og kyrklege tilsette.** Samarbeidet skjer på mange felt. Mellom anna gjennom møte med sokneråd og diakoniutval. Siste år har eg delteke på møte med sokneråda i Tokke, Fyresdal, Vinje og Kviteeid. Samt stabsmøter i Tokke og Vinje.

**Arbeid med å styrke fellesskap og opprette omsorgsgrupper,** Sist år har eg hatt ei "Gå vidare - gruppe i Åmot, og «Levare» gruppe i Kviteeid i samarbeid med soknepresten. Elles fins det ei felles sorggruppe for Tokke og Fyresdal ( Fem samlingar/ 20 deltagarar) .På Kvitsund held den gamle tradisjon med Guys -group fram (2 gonger med 20 deltagarar). Kvileplassen ( gruppe for pårørande til demente) i samarbeid med Tokke Frivilligsentral er halde tre gonger med 9 deltarar.



**Diakon ved DPS i Seljord**. Sidan 2011 er prostidiakonen hyra inn får gje diakonale tenester til DPS i Seljord. Her vert det gjeve tilbode om samtaler og Livssynsgruppe gjennom trefftider annankvar veke. Talet på samtaler er 29, det er halde 19 gruppessamlingar med 49 deltarar. Siste gongen før jul var det samling med lesing av Juleevangeliet i Seljord kyrkje.

### Gje hjelp til menneske i akutte og vanskelege

**livssituasjonar.** Jamt over tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. Tre slike dette året. (Tokke (2), Kviteseid (1) Ein fredag før jul kom det melding frå Rune Ringhus I Rauland om at han hadde laga ein Spleis for å samle inn pengar til nokon som kunne trenge ei oppmuntring før jul. Det vart 2670 kroner, som blei til tre matkassar. Samstundes kom NAV Vest- Telemark med nokre posar pinnekjøt dei hadde fått frå Telemark Lam. Slik fekk seks menneske ei uventa glede til jul.




**Stoff til kyrkjelydsblad, radio og nettstader** Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (44). I Telemark Tidende i Telemarksavisa har eg ei spalte kalla "Påfyll". (37) I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp får me disponere tre avissider i VTB. Prostidiakonen har Facebook side. (1293 følgjarar) . Kyrkjelydsbla får og jamleg stoff. Elles prøver ein så godt ein kan å gje formidle stoff til avisene og NRK. I 2019 blei det lansert ein podcast kalla «Diakonalgang». Ved årsskiftet er dei lasta ned 2722. To nye episodar er sendt ut dette året. «Å vandre sorga mindre» (Om sjølvmort, menn og pilegrimsvandring) og «Brubyggar». (Eit møte med diakon Silje Sjøtvæit.

**Ha kontakt med offentlege sosialteneste og humanitære organ.** Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med Vest-Telemark Rådet, skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Samarbeidet med psykisk helse i dei seks Vest -Telemark kommunane (samt KVITO og DPS ) om "Å vandre med håp". Vandringa vart gjennomført for 13. gong. I år var vandringa på tre dagar. Eit positivt og viktig verv er det også å vera med i Brukarutvalet for NAV- Vest- Telemark.



Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon.

Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonatet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege er vertsfellesråd, har arbeidsgjevaransvar og fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.



## Aktivitet.

**Vinje.** Tre stabsmøter/ delteke på ein planleggingsdag om Skule – kyrkje samarbeid



Helgemesse i Grunge / leia ei Gå - Vidare gruppe (Åtte samlingar/ 88 deltakrar/ Undervist ambulansetenesta i Tokke og Vinje om pårørandeomsorg / leia fem gravferder/ leia ei gudsteneste (Diakoniens Dag) samt ei dåpsgudsteneste i Rauland/ delteke på innsetting av kapellan Anne Marie Templen på Mösstrond/ undervist om Verdien av augneblikket på

## ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2021

kurset Omsorg ved livets slutt ved Ronny Dalene og Torunn Haugstøl/ saman med Styret for Diakonatet ansvarleg for Verdisminaret: Å ta alt i beste meinings. (18 stk.)/ deltek på Konfirmantdag på Vinjehuset og elles undersist alle tre konfirmant flokkar om Fasteaksjonen/ i samarbeid med Vinjesentret inviterte Kyrkja i Vinje til Trøystande ord på Helgemesselaurdagen/ 5 soknebod/

(Samtaler 124)

**Kviteseid** delteke på Diakonidag i Brunkeberg kyrkje/ /andakt på eitt føremiddagstreff på Misjonshuset/ i lag med miljørarbeidar på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" 2 gonger med 20 deltarar/delteke på eit diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for Besøkstensta i Kviteeid/ Ei Etisk Refleksjonsamling for Heimesjukepleia/delteke på to samlingar i gruppa Optimistane, ei gruppe for dei som har hatt eller har kreft /saman med soknepresten leia ei Leva- vidare gruppe (3 gonger med 5 deltarar/ leia ei gravferd og delteke i ei/ delteke på Adventsfest for Lundenjordet i samarbeid med Diakoniutvalet/ delteke på Pilegrimsvandring med konfirmantane/ delteke på Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas/ medverka på Allehelgenskonsert i Kviteeid kyrke/ tre turar med Midtsundtoppen/ 1 soknebod



(Samtaler 88)



**Fyresdal** saman med sokneprest ansvarleg for Diakoniens Dag i Moland/ leia ei Etisk- Refleksjonsgruppe på POS ( 2 gonger med 10 deltarar)/ Ei Etisk- refleksjonsgruppe i Heimesjukepleia/ leia ei felles Sorggruppe mellom Fyresdal og Tokke (5 gonger med 20 deltarar) delteke på Diakoniens Dag/ eitt soknerådsmøte/

(Samtaler 78)

**Nissedal.** To diakoniutvalsmøter/ vore med Diakoniutvalet på møtet med skulelevar på Tveit skule med servering av gryterett/ Tre Etiske- refleksjonsgruppemøter på Nissedal Omsorg senter/ delteke på ein Laurdagskveld i Treungen kyrkje med Diakoniutvalet og Ivar Skipervold/ delteke på konfirmantundervisning/ eit Krisegruppemøte/



(Samtaler 10)



**Tokke.** leia Askeondagsgudstenste på

Tangane / Fire stabsmøte /tre  
krisegruppemøte/ansvarleg for  
Kirkens Nødhjelp - aksjonen i  
Eidsborg/Mo/Skafså/leia to  
gravferder og delteke i på /  
julemiddag med Psykisk Helse/  
delteke på Middag for alle på



Kulturhuset/ to soknebod/ halde innlegg om sorg på

Minnemarkering på Åmdals Verk/ Styremedlem i Tokke

Frivilligsentral vald av Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd/ 4 vegleiingssamtaler med tilsette  
på Friivilligsentralen/ tent julegrana på Dalen/ei urnenedsetting/ I samarbeid med  
Frivilligsentralen leia ei gruppe for pårørande til demente kalla Kvileplassen/ 3 samlingar er  
med i redaksjonen for Kyrkjelyden/ saman med soknepresten med i arbeidet for  
Klimaseminaret på Rui/ leia 17 mai gudstenester i Høydalsmo og Lårdal/ leia 22. markering i  
Mo kyrkje/ delteke på Diakoniens Dag i Mo med markering av Verdsdagen for psykisk helse/  
med på Helgemesse i Kulturhuset/ medlem av Hustyret for Storvegen 208/ saman med  
kommunepsykolog Guro Anna Odden vegleia korona- teamet i Tokke / delteke i eit seminar  
om Livsmeistring på Høydalsmo skule/ Ord for dagen på middag for alle på Kulturhuset/

(Samtaler 134)

### **Tal og arrangement felles for Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteeid.**

Tre styremøter i Prostidiakonatet samt digitalt  
årsmøtet/ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest Telemark i



Kviteeid /Ansvarleg for Diakonispalta og  
Fasteaksjonsidene i Vest-Telemark Blad  
/Prosjektleiar for pilegrimsvandringa frå  
Grungedal til Røldal med namnet "Å vandre med  
håp/ alt i alt 60 deltakrar/ medlem av  
Brukarutvalet for NAV- Vest- Telemark (2 møte)/  
ansvarlege for prosjektet Open kyrje i samband med Helgemesse./  
prosjektansvarleg for Vandring for Forandring (Pilegrimsvandring for etterlatne  
menn ( 3 deltagarar) i samarbeid med RVTS SØR, A/T bispedøme og LEVE



## ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2021

Vestfold.( saman med kommunepsykologane i Vest- Telemark invitert til felles sorggruppe.for barn og unge i Vest- Telemark,(Lita påmelding gjorde at det blei berre eit møte.) Saman med Psykiatritenesta i Tokke og Vinje ansvarleg for ei seminardag for Krisegruppene i Vest- Telemark ( Vinjehuset) Delteke på nokre møte om oppstart av Mental Helse i Vest- Telemark, samt halde innlegg på Digitalt Stiftingsmøte for Mental Helse Vest- Telemark/ var innom Ønsket og Elsket sin innsamling til Fasteaksjonen/ samla leiarane på Frivillig- sentralane i Vest- Telemark til eit felles møte/

### Saker og ting utanfor Vest- Telemark.

Leia 3 Arbeidsvegleiingsgrupper for kyrkjelege tilsette i A/T bispedøme (Dels fysisk og del digitalt) delteke på 4 samlingar

for ABV-vegeleiarar i Agder og Telemark/ organisert markering av FNs Internasjonale Flyktningdag saman med Prosten i Øvre Telemark/ /to undervisning.-dagar på AOFs Vidareutdanning innan Psykisk helse og Rus (digital) /to treff for diakonane i Øvre Telemark prosti/ mellom anna eit treff for å ta takke diakonirådgjevar i bispedømmet Erling Jakobsen, som etter mange år slutta i tenesta. Sist sommar hadde eg også eitt to vekers engasjement som sjukehusdiakon på

Diakonhjemmet, Oslo. Er engasjert i Nettkirkens Chatteteneste (2 timer per veke) og medlem i Diakonifaglig Råd på Diakonhjemmet, samt vore med i ei



Referansegruppe for Lokalkyrkjelege organisering under Kyrkjerådet/ representert Agder og Telemark på Nasjonal- digital Pilegrimskonferanse/ halde föredrag på Diakonikonferansen i Grenland./ leia først del av Diakoniens Dag( digitalt) på Diakonhjemmet/ Delteke på Diakonikonfeansen i regi av Crux/ Diakohjemmet og Kyrkjerådet/ er medlem i ei ressursgruppa for Crux- prosjeket

Pilegrim på same veg»/ delteke på kursddag om Ung- sorg i Kragerø/ hatt vegleiing av stipendiatane på Seljord Folkehøgskule/ delteke for samling for norske prostidiskonar på Haukelifjell i september/

Takk til alle gode samarbeidspartar. I kyrkje og kommunar. Alle gode medarbeidrarar i , sokneråd og diakoniutval, prestane og friviljuge på mange nivå. Takk til styre, og styreleiar i Diakonatet Oscar J. Garnes og kyrkjeverja i vertsfellesrådet Tokke Bjørnar Christensen som legg ting så godt til rette for at eg framleis, og alltid kan glede meg over å vera diakon i Vest- Telemark.

Alt det som skinner er del i ei lenke, syng Anne Grete Preus. Det er ei glede å vera del av dette. Det er kanskje den største gleda ved å vera diakon i Vest- Telemark.



Eilev Erikstein, prostidiakon og leiar av kyrkjas  
omsorgsarbeid i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og  
Fyresdal

Dalen 31.12.2020